

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Eirik Bouwer Utne	FA - C11, TI - &32	16/908

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
24/2016	Ungdomsrådet	PS	07.04.2016

## Ungdomsklubb i Meland kommune. Ungdomsrådet si spørjeundersøking

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

I spørsmålet om ungdomsklubb i Meland kommune, vart det tatt initiativ til at Ungdområdet kunne gjennomføre ei enkel spørjeundersøking på ungdomsskulane i kommunen og presentere den for Utval for levekår.

#### Vurdering

Arbeidsutvalet i Ungdområdet har laga eit forslag til undersøking, som vert utdelt for handsaming i møtet.

Ungdområdet må peike ut ansvarlege ungdomsrådsrepresentantar for gjennomføringa på dei einskilde skulane, og lage eit opplegg for korleis det skal gjennomførast. Rådet må sjølv samle saman tala, men kan få bistand til å nytte dei i presentasjonar.

#### Konklusjon

Å halde ei slik undersøking kan verte svært informativt for kva for tilbod ungdom i kommunen ser behov for, i tillegg til å ville vere ei stor og lærerik oppgåve for Ungdområdet og skape merksemd om temaet.

#### Framlegg til vedtak:

Meland Ungdomsråd godkjenner spørjeundersøkinga slik den ligg føre, og vel følgjande rådsmedlemmar som ansvarlege for gjennomføringa:

### Ungdomsrådet - 24/2016

#### UR - behandling:

**UR - vedtak:**

"Meland Ungdomsråd godkjenner spørjeundersøkinga slik den ligg føre, og vel følgjande rådsmedlemmar som ansvarlege for gjennomføringa: Silje Nordal for Meland ungdomsskule, Jonas Askeland for Rosslund skule og Juni Fløysand for Danielsen ungdomsskule."